

Vestland fylkeskommune,
pb. 7900,
5020 Bergen

Mrk. 2022/91975

Høyringssvar utgreiing om framtidig arkivorganisering i Vestland

Vi viser til brev datert 11.11.22 frå Vestland fylkeskommune der fylkeskommunen ber om høyringsinnspele på ei framtidig arkivorganisering i Vestland og det tilrådde framleggjette, K5-kombinasjonskonseptet.

Tilråding

Styret i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (IKAH) rår til at Vestland fylkeskommune vedtek K0+ Nullplussalternativet og at ein ut over dette føl opp fylkestinget sitt vedtak av 15. september 2020.

Styret rår til at Vestland fylkeskommune ikkje går vidare med etablering av Vestlandsarkivet før ein har vedtak frå representantskapa i både Kommunearkivordringa i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap og Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS om å setje i gang ein slik prosess.

Utviklingstrekk på arkivfeltet i Vestland.

Demografi, geografi og offentleg arkivstatistikk er vesentlege faktorar i utfordringsbilde. Det gjeld og når framtidig organisering av arkivarbeidet i Vestland skal greiast ut. Vi kjenner oss ikkje heilt att i det utfordringsbildet som vert skildra i arkivutgreiinga. Vi opplever heller ikkje at alle kommunane i Vestland har likeins eller same utfordringar når det gjeld arkiv.

Arkivstatistikken for dei siste 2-3 åra viser ein noko annan situasjonen og andre utfordringar enn det som utgreiinga prøver å vise. Den viser mellom anna at 5/6 av befolkninga i Vestland bur i tidlegare Hordaland, og at ved fylkessamanslåinga var 90 % av volumet av kommunale arkiv å finne i Hansaparken og på Årstad i Bergen. Under 9 % var av arkivmengda var å finne på Leikanger.

Når det gjeld etterslepet i forhold til lovpålagte krav i arkivlova, synes det å vere ulikt i den eine kommunale arkivsamarbeidsordninga enn den andre. Vi meiner det er ei vesentleg svakheit at dette ikkje er synleggjort eller tatt omsyn til i utgreiinga.

Rolle og ansvarsfordeling mellom arkivaktørane.

Styret i Interkommunalt arkiv Hordaland IKS (IKAH) kjenner seg ikkje att i utgreiinga si skildring av at dagens situasjon er kjenneteikna av ei til dels uklar rolle og ansvarsfordeling mellom arkivaktørane. Dette med bakgrunn i:

- Dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland er juridisk og organisatorisk skilde og ligg utanfor fylkeskommunen si organisasjon. Sjølv om tenester og oppgåver til dels er overlappende, er rolle og ansvarsfordeling i høve dei offentlege arkiva både juridisk, organisatorisk og geografisk avgrensa.
- Privatarkivarbeidet med roller, oppgåver og ansvar, er regulert av ein samarbeidsavtale mellom eit ti tals ulike aktørar, inkludert fylkeskommunen. Avtalen seier at fylket har det regionale koordinerande ansvaret.
- Alle kommunane i Vestland har vedteke å tildele rolla for samordna digitalisering i fylket til DigiVestland. Vestland fylkeskommune deltek ikkje i DigiVestland.

Uklarheiter skuldast forhold internt i fylkeskommunen og samanblanding i høve oppgåvefellesskapet

Vi meiner at arkivutgreiinga si skildring av uklarheiter først og fremst skuldast forhold internt i fylkeskommunen. Sett frå utsida synest det å vere ei samanblanding av roller, tilsetjingsforhold og økonomi mellom fylkeskommunen og oppgåvefellesskapet.

Samstundes som fylkestinget har vedteke å foreta ei utgreiing om ei framtidsretta arkivorganisering av Vestland som region, er det og sett i gang fleire parallelle endringsprosessar både i fylkeskommunen og i oppgåvefellesskapet. Dette aukar sakskomplekset.

Vestland fylkeskommune sine eigne ambisjonar om å samle mest mogleg av arkivarbeidet i regionen i eit Vestlandsarkiv, og gjere arkiv til eit politikkområde under fylkeskommunen, aukar sakskomplekset såpass at det vert svært krevjande å sjå korleis det skal bidra til å løyse arkivutfordringar for andre aktørar.

Mandat for arkivutgreiinga og problemstillingane

Bakgrunnen for utgreiinga er slik vi forstår det, gjort i kraft av samanslåinga av dei to fylka og Vestland fylkeskommune si regionale rolle. Det er først og fremst Vestland fylkeskommune sine eigne utfordringar som skal løysast. Utfordringar som dei andre kommunane og arkivinstitusjonane i regionen har i høve arkivering, kjem i andre rekke.

Slik vi les arkivutgreiinga og det tilrådde framleggelsen K5-kombinasjonskonseptetet, vert det føreslått at:

1. Fylket avklarar roller, ansvar, oppgåver rundt si eige arkivdrift.
2. Gjennomføre ein ekstern gjennomgang av økonomien i det kommunale oppgåvefellesskapet.
3. Fylkeskommunen avklarar si rolle som regional aktør på arkivfeltet i Vestland, her under arbeidet med privatarkiv og digitalisering av den delen av kulturarven som arkiva representerer.
4. Vestland fylkeskommune skal, så snart tida er mogen, ta initiativ til å etablere Vestlandsarkivet – ein ny institusjon som samlar mest mogeleg arkivarbeidet i Vestland.

Fylkeskommunen si eiga arkivdrift

Vi ynskjer ikkje å uttale oss om forhold i Vestland fylkeskommune si arkivdrift. Det er Arkivverket si rolle som tilsynsmynde fylgje opp dei pålegg som er gjeve i arkivtilsyna.

Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefellesskap

Når det gjeld verksemdstyringa av oppgåvefellesskapet, ligg dette til dagleg leiar og styret. Så er det styret og Representantskapet som fører kontroll med at samarbeidet vert drive i tråd med vedtekten. Det ligg utanfor vår rolle å gje uttale her.

Styret vel likevel å kommentere situasjonsskildringa av forholdet mellom fylket og oppgåvefellesskapet i arkivutgreiinga då dette er skildra noko annleis i utgreiinga enn slik vi les den faktiske situasjonen.

Oppgåvefellesskapet er registeret med eige føretaksnummer i foretaksregisteret og vart skilt ut frå fylkeskommunen som eigen juridisk eining 01.01.2019. Vestland fylkeskommune og oppgåvefellesskapet er dermed ikkje ein og same organisasjon.

Sal av tenester og utleige av personalressursar frå fylkeskommunen til oppgåvefellesskapet er juridisk sett kjøp og sal mellom to forskjellige rettssubjekt, og dermed gjenstand for ei tenesteytingsavtale.

Det er etter vårt syn ei uheldig samanblanding av dei to juridiske rettssubjekta Vestland fylkeskommune og oppgåvefellesskapet.

Så lenge tenestesal og praktiske ytingar frå Vestland fylke til oppgåvefellesskapet ikkje vert verdisett, fakturert og bokført i rekneskapen til både fylkeskommunen og oppgåvefellesskapet, synest det som fylkeskommunen subsidierer oppgåvefellesskapet. Utan ei opprydding her, stenger det for framtidig samarbeid blant aktørane.

Vi stiller oss difor bak rapporten sitt forslag om at det bør gjerast eiga uavhengig økonomisk utreiing av tenestesalet og ytingane frå fylket til oppgåvefellesskapet.

Fylkeskommunen si regionale rolle på privatarkivfeltet

Fylkeskommunen si rolle er først og fremst å samordne innsatsen, ikkje nødvendigvis å utføre alt arbeidet sjølv eller samle alle privatarkiva i sine magasin. I den regionale rolla bør ein ta omsyn til at over 80% av volumet av privatarkiv i regionen i dag vert forvalta av andre aktørar enn Vestland fylkeskommune. Den koordinerande rolla bør difor prioriterast framfor fylke si eiga rolla som samlingsforvaltar.

Som eit utgangspunkt bør samarbeidsavtalen om privatarkiv reviderast. Det er viktig for tilliten at prosessen er open og at alle aktørane på privatarkivfeltet i Vestland vert invitert inn.

Samordning av digitaliseringa er ei oppgåve for DigiVestland.

Kommunane i Vestland har vedteke å gje rolla for samordning av digitalisering til DigiVestland. Det er uheldig om fylkeskommunen skulle ta mål av seg å utfordre DigiVestland på denne rolla. Det er og uheldig om ein skulle utfordre DigiVestland på bruk av nasjonale felleskomponentar, som t.d. Digitalarkivet. Ein bør ta omsyn til at over 80% av dei offentlege arkiva i regionen i dag vert forvalta av andre aktørar enn Vestland fylkeskommune og heller gå for samarbeid enn konkurranse.

Vestlandsarkivet - samling av mest mogeleg av arkivaktiviteten i regionen i ein ny institusjon.
I K5 konseptet er tilrådde aktivitetar på vegen mot eit Vestlandsarkiv tiltak at:

- a) Vestland fylkeskommune skal tydeleggjere at alle kommunane, og dei som er medlem i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, kan bli medlemmer i kommunearkivordninga.
- b) Vestland fylkeskommune skal så snart som råd, ta initiativ til etablering av ein ny organisasjon som skal mest samle mogleg arkivaktivitet i eit Vestlandsarkiv.

Kommunane har full avtalefridom. Ein invitasjon frå Vestland fylkeskommune om å byte arkivsamarbeid vil føre til at det vert etablert ein konkurransesituasjon mellom dei ulike arkivordningane.

Skulle fylkeskommunen på eigen hand ta initiativ til å etablere ein ny institusjon, utan deltaking frå andre aktørar, aukar risiko for eit meir fragmentert arkivlandskap der ein og er i konkurranse med eksisterande aktørar. Vi kan ikkje sjå at det er ei regional oppgåve å starte ein slik konkurranse.

Utmeldingar frå dei eksisterande arkivsamarbeida vil og føre til at kommunane må løysa ut økonomiske forpliktingar og andre avtalar etter avtaleretten. Dette vil medføre store omstillingskostnadar.

Vestlandsarkivet er ikkje realistisk ne

Styret støtter arkivutgreiinga sin konklusjon om at, etableringa av ein ny organisasjon vil medføre svært store omstillingskostnader og at eit Vestlandsarkiv ikkje er realistisk ne.

Styret meiner vidare at behova, omstillingskostnadane og vinstane for kommunane må vere grundigare utgreidd før ein vedtek å etablere ein ny organisasjon. Eit såpass omfattande utgreiingsarbeid, bør ikkje startast før ein har ei tydeleg bestilling frå representantskapet i både oppgåvefellesskapet og IKS et. Her er også eit spørsmål om kva rolle Bergen kommune, Byarkivet skal ha i ei slik utgreiing.

Sluttkommentar

Arkivutgreiinga med høyring m.m. har skapt mykje usikkerheit og støy blant våre tilsette og samarbeidspartar / eigarar. Det har ført til ekstraarbeid og kostnadar vi gjerne skulle vore forutan.

Kommunal og distriktsdepartementet og fleire juristar, blant anna , Advokat Kluge, har tidlegare peika på IKS som ei samarbeidsform med betre bakgrunnsrett enn kommunalt oppgåvefellesskap. Vi har ikkje fått tilbakemeldingar på styringsproblem, ukläre roller eller økonomisk samanblandingar, at eigarkommunane ynskjer ei anna samarbeidsform, eller at kommunar ynskjer byte.

Vi håpar at Vestland fylkeskommune framover vert meir bevisst sine mange roller som den regionale rollen, dei to rollene som deltar i - og som tenesteleverandør til eit av to interkommunale arkivsamarbeid, og til slutt rolla i høve eige arkiv.

Så lenge det ikkje føreligg ei bestilling frå representantskapet på å greie ut Vestlandsarkivet, ser ikkje IKAH nokon grunn til å setje i gang ein prosess kring dette. Vi vil inntil evt. ei bestilling er kome forhalda oss til Fylkestinget sitt vedtak av 15. desember 2020 om samarbeid mellom aktørane.

Dokumentet er godkjent og signert av styret ved e-signering.